



Børnes Næringsområde slik det ser ut i dag.

Prosjektplan for detaljregulering for Børnes Næringsområde er godkjend og dermed kan arbeidet med ei regulering ta til. Eksisterande reguleringsplan frå 1978 vert dermed oppheva. Bakgrunnen er at noverande plan ikkje held dagens krav og at planar eldre enn ti år skal oppdaterast, dette for å ta stilling til nye byggesøknader.

Ny detaljregulering vil ta omsyn til framtidig etablering ved å kunna tilby gode og ferdig planlagde næringsområde. Detaljreguleringa vil omfatta både kommunale og privateigde område. Dette vert gjort for å få god heilskap i planlegginga.

Etter vedtak i K.styret 2018 vart det avsett midlar til tilrettelegging og utvikling av Børneset. I prosjektplanen kjem det fram kva som må gjerast av avklaringar:



På møte i Uskedal Utvikling kom det særleg fram at det var trong for ny reguleringsplan for Børnes Industriområde.

- Definera planområde, særleg i høve til FV 48, sjø og kringliggjande bygningar og busetnad
- Ta stilling til ny eller restaurert kai og storleiken på denne. Ein evt. ny kai krev undersøking av djupne- og grunntilhøve
- Leggja til rette for all infrastruktur for dermed å kunna nytta område på ein god måte
- Avklara kva type næring det skal opnast opp for og evt. kva avgrensingar ein skal ta i høve til støy, forureining og andre faktorar
- Sikra tilkomst til Mørkevågen med eksisterande naustområde og strand

Planarbeidet vert gjort med fullstendig planprosess med kunngjering av oppstart, folkemøte, høyring, merknader og innspel til planen. Kommunestyret er oppdragsgjevar. Kommunedirektøren er prosjekteigar. Kvinnherad Formannsskap er styringsgruppe. Kjartan Thoresen vert truleg prosjektleiar. Med seg vil han ha Anne Lise Næs frå Verksamd for samfunnsutvikling.

Uskedal utvikling, Eidsvik Eigedom AS, Hjørnevåg og Hordaland Fylkeskommune er utpeika som referansegruppe.

Dersom alt går etter oppsett plan, skal detaljreguleringa vera ferdig og godkjend om eit år. Eit av konsulentfirma som kommunen har rammeavtale med, vert tildelt arbeidet med sjølve planen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal